



ELIN HOVDEN
Brekkevegen 35

3890 VINJE



Delegert sak nr. 286/25

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
KJELL.CHRI	2025/2432	31470/2025	K01	03.12.2025

67/3 - Svar på snøskuterløyve til hytter som ligg meir enn 2,5 km frå veg § 5, c

Vedlegg: Løyve og rapporteringsskjema

Dokument i saka:

- Søknad m/vedlegg
- Kartutsnitt
- *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)*
- *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*
- *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova* - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119

Bakgrunn:

ELIN HOVDEN har søkt om **hytteløyve sone 2** til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte. Søkjar ynskjer å nytte seg av trasé frå **Brekkevegen 35** til hytta på **67/3 - Kvæven**. Det blir samstundes søkt om alternativ trasé frå **Vinjerui** til hytta, i dei høve der vêr- og løypeforhold gjer at hovudtrasé ikkje kan nyttast. Kommunens vedtekne retningslinjer av 15.12.2016 deler hytteløyve inn i to soner. Sone 2 gjeld for hytter som ligg over 1040 moh.

Vurdering:

Hytta på **67/3 - Kvæven** ligg meir enn 2,5 km frå brøyta veg i sone 2 og det kan difor gjevast løyve til transport av bagasje og utstyr i medhald av §5 bokstav c i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* og kommunens *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova*, vedteke i kommunestyret 15.12.2016. Søknaden er vurdert etter naturmangfaldslovas §§ 8 – 12. Ferdsel blir vurdert til å ikkje forringe eller truge artsmangfaldet eller spesielle naturtyper i området. Me oppmodar likevel



til å redusere ferdsel til eit minimum og at all transport skal skje så skånsamt som mogleg med omsyn til plante- dyre- og fugleliv.

Eigedomen ligg innanfor Setesdal austhei villreinområde, og det skal takast omsyn til villreinen. Villreinen er på det mest sårbare om våren og det er ein føresetnad at ferdsel ikkje skremmer villreinen i denne perioden. Søknaden er vurdert slik at skadeverknadene ikkje er større enn at dei kan forsvarast av nytten av transporten.

Einingsleiar sitt vedtak:

ELIN HOVDEN sin søknad om løyve til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte blir innvilga. Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektningar i rett line kan og nytte løyvet.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekne i *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova* – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvet gjeld for fire år frå 03.12.2025 og gjeld for seks turar per år – turane kan fordelast fritt over dei fire åra. Det er anledning til å køyre opp slepe sama dagen eller dagen før, dersom det er naudsynt. Dette skal først opp på eige skjema. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Løyvet gjeld for éin snøskuter.

Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traseen frå **Brekkeveggen 35** til hytta på **67/3 - Kvæven** vist i kartet som fylgjer løyvet. I dei høve der vêr- og løypeforhold gjer at hovudtrasé ikkje kan nyttast kan alternativ trasé frå **Vinjerui** til hytta på **67/3 - Kvæven** nyttast.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

I tråd med formannskapsvedtak 04.09.2025, skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 315,- for kostnadar knytt til utskriving av løyvet.

Faktura blir ettersendt.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Christenson
konsulent



Vinje kommune
Næringskontoret





Hytteløyve sone 2

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav c

LØYVE TIL SNØSKUTERTRANSPORT AV UTSTYR OG BAGASJE FRÅ BILVEG TIL HYTTE

Løyvet gjeld for:

ELIN HOVDEN, Brekkavegen 35, 3890 VINJE.

Trasé som skal nyttast er frå **Brekkavegen 35** til hytta på **67/3 - Kvæven** som er innteikna i kartet.

I dei høve der vær- og løypeforhold gjer at innteikna hovudtrasé ikkje kan nyttast kan ein nytte alternativ trasé frå **Vinjerui**.

Løyvet gjeld for fire år frå 03.12.2025 og gjeld for seks turar per år – turane kan fordelast fritt over dei fire åra.


Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg. Det er høve til å køyre opp slepe før transporten, dersom det er naudsynt. Slepe kan køyrast same dagen eller dagen før transporten. Dette skal førast på eige skjema.

Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektningar i rett line kan og nytte løyvet.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for éin snøskuter
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll
- Transporten skal nytte traseen vist i kartet nedanfor
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv
- Ved henting av vatn skal kortaste veg frå hytta nyttast



Dato

Kommunens underskrift

Stempel



TRANSPORT

	Til hytte		Retur		Signatur førar
	Dato	Kl	Dato	Kl	
1					
2					
3					
4					
5					
6					
7					
8					
9					
10					
11					
12					
13					
14					
15					
16					
17					
18					
19					
20					
21					
22					
23					
24					

Dato

Kommunens underskrift

Stempel



SLEPEKØYRING

	Til hytte		Retur		Signatur førar
	Dato	Kl	Dato	Kl	
1					
2					
3					
4					
5					
6					
7					
8					
9					
10					
11					
12					
13					
14					
15					
16					
17					
18					
19					
20					
21					
22					
23					
24					

Dato

Kommunens underskrift

Stempel